

aktuellelt

- Tips oss gjerne på telefon 40 40 21 40
- epost redaksjon@fjordingen.no
- følg Fjordingen på nett www.fjordingen.no



På norsk: Herskap ved fjorden, utgjeven på Skald forlag.

Skuggen av Hamsun
Karl Friedrich Kurz gav ut rundt 30 romanar, noveller og reisebøker.

Sjølv om han skildra norsk folkeliv og natur, vart han aldri særleg kjend i Norge. Truleg kom han i skuggen av Hamsun.

Ei av bøkene er utgjeven på norsk, «Herskap ved fjorden».

Drama blant bokhyllene

For fyrste gong har ei teaterframføring for vaksne vore framført på Stryn bibliotek. Det var ei svært vellukka forestilling.

• **Gunnhild Sindre**
gunnhild.sindre@fjordingen.no

Aldateateret er ute på turne til biblioteka i fylket, eit prosjekt fylkesbiblioteket står bak. Med blenda ruter og enkel omrokering hadde biblioteket fått ein fin teatersalong mellom hyllene, der mellom 30 og 40 personar fekk med seg eit svært fengslande drama.

Stykket «Herr Kurz og damene» fortel historier på to plan, indre og ytre. Ytre sett er det historia om den tysktødde forfattaren og kunstmålaren Karl Friedrich Kurz (1878-1962), ein av dei største og mest populære tyske forfattarane på 30-tallet. Nesten ukjend i Norge, trass i at han busette seg i Dalsfjorden i Sunnfjord og skreiv bøker som skildra norsk natur og folkeliv.

På det indre plan er det eit stykke om menneskelege relasjonar: Kjærlaik og avvising, fellesskap og einsemd, truskap og tabu.

Kunstestykke
Kyrre Eikås Ottersen formidlar den eksentriske farge- og ord-kunstraren med stort truverde. Idun Losnegård gjer eit regelrett kunstestykke i å framstille alle dei ulike kvinneskikkeltsane, til tider fleire på ein gong, utan at det vert forvirrande.

Rolf Losnegård har ført stykket i pennen. Han kunne før framføringa fortelje at han sjølv i barndommen flytta inn i huset der Kurz og damene hans hadde budd. Huset ved fjorden, som stod der omgjeve av høge granar og skjult bak piggeträdgårder.


Mystikk
I dette huset budde Kurz saman med to systre, Emelina og Rosa. Den fyrste var han gift med.



Teater på biblioteket: Herr Kurz vart spela av Kyrre Eikås Ottersen, medan Idun Losnegård spela alle kvinneroellene.



Russ på teater: Tine Nedreberg t.v. og Henriette Løveng Berge blir servert epledrkk og fingernat av bibliotekmedarbeidar Marthe Holten Bø.



Forfattar: Rolf Losnegård (framgrunnen) har skrive stykket om Karl Friedrich Kurz og hans kvinner.

Familjelivet og Kurz sitt forhold til damer var omgjeve av mystikk blant bygdefolket, «almuenn» som han heidt avstand til og heva seg over.

igg gravlagde i Holmedal, med felles gravstein.

Kurz forlet familien sin på dramatisk vis, og budde mot slutten av livet på Sotra, der han døydde i 1962. Både han, kona hans og systera hennar

ligg gravlagde i Holmedal, med felles gravstein.

Dette mellommenneskelege dramaet er det Losnegård har fletta saman til ei timelang teaterframføring.

Karl Friedrich Kurz sitt barnebarn, Unni Ramberg, har gjeve opplysingar og

Asbjørg Søyvberg, sjølv opp-

inspel til teaterstykket. Regien er ved Jeff Pedersen.

Og publikum som var til stades på Stryn bibliotek var tydeleg nøgde med det dei fekk servert, og kvitterte med langvarig, ståande applaus.

- Eg kjende faktisk ikkje til denne historia i det heile, og eg vart veldig fasinert. Av historia, slik ho var skriven, men også av regien. Skodespelarane gjorde også ein svært god jobb, seier ho.

Fasinert av historie og regi
Asbjørg Søyvberg, sjølv opp-

inspel til teaterstykket. Regien er ved Jeff Pedersen.